



# VENNEVEKO 2020

## VEKE 48 (23.-27.NOVEMBER)

Små born, store gleder. Større born, større gleder.

Har du tenkt på at det ofte er dei små tinga i kvardagen som egentleg gjev størst glede? Kanskje DU kan vere den eine som lyser opp dagen til ein annan?

I **Venneveko** oppfordrar vi alle til å setje eit ekstra fokus på å kunne glede nokon andre, og på vennskap og inkludering.

Spesielt i denne tida vi er i no, kan dei små tinga bety ekstra mykje for nokon. Ta initiativ, og ver kreative, innanfor trygge og gjeldande smittevernreglar.

Sjå tips og finn meir informasjon på [bjornafjorden.kommune.no/venneveko](http://bjornafjorden.kommune.no/venneveko), eller på kommunen si Facebookside. Der kan du òg sende inn bilete eller skrive ei melding, dersom du vil dele med fleire det du har gjort for glede nokon andre.

"Ingen kan  
gjere alt,  
men alle  
kan gjere noko"

"Vennskap er viktig.  
Du er viktig, og vi treng kvarandre.  
Bli med å skape vennskap  
i Bjørnafjorden"

## **Måndag 23.11:** **MOT-til å glede dagen!**

Vi oppfordrar alle til å glede nokon denne dagen, kanskje ein du ikkje kjenner så godt?

## **Tysdag 24.11:**

**Kl.10-16 på Amfi:** "Pop up"-møteplass.

Slå deg ned og ta ein prat med oss på "torget" på senteret.

## **Torsdag 26.11:**

**Kl.14-16 på busstasjonen på Osøyro:**

"Pop up"-møteplass. Møt oss for ein prat og ein kopp kakao på veg heim frå skulen, jobb, eller bare på veg til bussen.

**Kl.17.30-20 i Tunet Kyrkje- og kultursenter:** Kulturkveld.

Klekarusell, møteplass og kulturinnslag frå ulike lokale artistar. Besøk av Hanne Vatnøy. Arrangementet er gratis, men det blir mogeleg å gje ei gåve til Kirkens Nødhjelp.

## **Fredag 27.11:**

**Kl.10-16 på Fjorden Senter:** "Pop up"-møteplass.

Slå deg ned og ta ein prat med oss på "torget" på senteret.

## **Heile veka:**

**Minecraft: Online gaming måndag til fredag kl.15 - 20.**

Det blir konkurransar og premiar. Sjå meir info om dette på <https://kyrkja.no/fusa> i veke 48.

## **Ung Arena Bjørnafjorden & Fjorden Arena:**

Følg oss på våre kanalar i sosiale media for info om arrangement denne veka!

## **Skravlekoppar:**

Sjå etter Skravlekoppane rundt omkring i heile kommunen, og bruk desse - til å invitere til samtale og til å delta i samtale



*Arrangementa blir sjølvsagt gjennomførte etter gjeldande smittervernreglar*